

Referat frå ope møte på Vierli kafeteria 16.03.2023

Oppmøte: 31 personar med administrasjonen og innlånte personar (11)

Kjell Christenson frå næringskontoret ynskjer velkommen og fortel litt rundt verdensarven, og att Kommunen ynskjer å involvere innbyggjarane i planar og utvikling i sitt nærområde.

Thor Christiansen landbruksrådgjevar tek ordet og startar å fortelje om utvalde naturlandskap, han understrekar viktigheten med at dette er noko dei lokale må ynskje å vera med på, og at dei kan melde interesse angående utvalde naturlandskap sjå han.

Torunn Raftevold Rue frå Vest - Telemarkrådet og Maria Fremmerlid kommuneplanleggar i Seljord fortel om Utvalde naturlandskap (UKL) og korleis det har fungert i Flatdal og Svartdal, der det har fungert godt.

UKL er ei statleg ordning som kan gje støtte til ulike tiltak som, Beiting, Restaurering, skjøtsel, truga naturtyper, kulturminne, byggingar mm. Thor held eit innlegg om landbruk og busetnad på Møsstrand korleis UKL kan vera eit «reiskap» dersom ein kjem inn i ordninga .

Mogleghetsstudie kom til etter påtrykk frå ordførar Jon Rikard Kleven i eit verdensarvråd, og etter søknad fekk kommunen midlar av Vestfold – Telemark fylkeskommune til denne

Tone Telnes v/Feste viser fram moglegheitstudien og fortel kva tankar og innspel som ligg til grunn, den er og påverka av vedtak i Plan og miljøutvalet 20. oktober 2021, det skal det lagast ein reguleringsplan området ytst på Varlandstangen.

Feste as fekk kontrakt på reguleringsplanen etter anbod, og ei sak angående planavgrensning kjem opp i Plan- og miljøutvalet 29. Mars, og varsel om oppstart vil bli sendt ut etter påske, med høyringsfrist på 6 veker der dei som vil kan kome med innspel og merknadar.

Åsmund Ringhus Nordheim frå plan og Kjell Christenson frå næring kjem til å ha ein ettermiddag på Rauland, om nokon ynskjer meir informasjon, svare på spørsmål de har, og ta imot innspel.

Dato, tid og lokale kjem på kommunens heimeside.

Plan- og økonomisjef Gry-Åsne Aksvik informerte om planarbeid, og at det vert arbeid med rullering av kommuneplanens arealdel.